

**Torsdag 13. januar inviterer Folgefonnsenteret, Rosendal Utvikling og Skaaluren Skipsbyggjarmuseum til polarkveld i Fjordhotellet i Rosendal.**

**Hovudansvarleg for arrangementet er Knut Førland og han seier at dette er noko flest mogeleg i Kvinnherad bør få med seg.**

**Han siktar her også til uskedelinger, ikkje minst på bakgrunn av skikpsbyggingstradisjonane våre.**

Tidspunktet er ikkje tilfeldig valt sidan 2011 er eit stort jubileumsår for norsk polarhistorie. Det er 100 år sidan RoaldAmundsens verdskjente sydpolsferd, 150 år sidan Fridtjof Nansen vart født, og 75 år sidan Frammuseet i Oslo opna.

Påprogrammet står polarekspedisjonane og polarskutene Fram, Gjøa og Maud, samt klimaendringane som trugar polarområda. Arrangørane har fått framifrå fagfolk som føredragshaldarar. Frå Frammuseet kjem direktør Geir O. Kløver, og frå Universitetet i Bergen/Bjerknessenteret for klimaforskning kjem førsteamanuensis og klimaforskar Jostein Bakke..

I tillegg til kveldsarrangementet, legg arrangøren opp til eit eige program for skuleungdom tidlegare på dagen. Etter foredraga torsdag kveld, vil det elles bli drøfta om det er grunnlag/interesse for å drai gong eit prosjekt for å få heim ei av dei gamle seglskutene/Hardangerjaktene som er bygt i Rosendal. Itillegg til interessant og viktig polarhistorie, blir det også ny og oppdatert informasjon om dei dramatiske klimaendringane som skjer i polarområda.